

Vår saksbehandlar:  
Åshild Rygg Tonning

Direkte telefonnr.:  
53 42 30 68

Vår dato:  
10.04.2013  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
2008/56-3348107/2013  
Dykkar referanse:

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

**RAPPORTERING - DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN 2012**  
**Ref: 2012/672 (tilsagnsbrev datert 29.11.2012)**

*Dette er rapportering av midlar på kr. 150 000 som vart overført frå 2011 til 2012. Då me ikkje har fått gjennomført alle planlagde tiltak vert midlar innvilga i 2012 (kr 140 000) søkt overført til 2013.*

<b>Kulturelle tiltak for eldre 2012</b>	<b>Reknskap</b>
<b>Tiltak 1:</b> «I manns minne» 1 dags arrangement i Bømlo Kulturhus	100 000
<b>Tiltak 2:</b> Kulturelle tiltak for eldre i institusjon Ulike tiltak gjennom året i samarbeid med/kjøp av tenester frå Bømlo Teater.	48 000
<b>Tiltak 3:</b> Kulturelle tiltak for eldre I samarbeid med Bømlo Teater og Moster Amfi	42 500
<b>SUM</b>	<b>190 500</b>
Brukt frå fond	150 000
Kommunen sin andel	40 500
<b>Kulturelle tiltak for eldre 2013</b>	<b>Budsjett</b>
<b>Tiltak 1:</b> «I manns minne» 1 dags arrangement Haust 2013. Tema – Bømlo kommune 50 år	100 000
<b>Tiltak 2:</b> Kulturelle tiltak for eldre i institusjon Ulike tiltak gjennom året i samarbeid med Bømlo Kulturhus, Bømlo Teater, Dynamiske Mosterhamn o.a. Visning frå filmproduksjon saman med musikalske innslag ved kulturskulen i Bømlo. Visning av utdrag frå teaterproduksjon (Santiago).	120 000
<b>Tiltak 3:</b> Filmproduksjon.	150 000
<b>SUM</b>	<b>340 000</b>
Midlar overført frå 2012	140 000
Eigne midlar	100 000
<b>Søknadssum</b>	<b>150 000</b>

### Tiltak 1:

Bømlo kommune har arrangert «I manns minne» i fleire år. Arrangementet vert halde i Bømlo kulturhus, og har stor og brei oppslutnad. Det viser seg likevel at eldre i institusjonane og frå enkelte andre stader i kommunen ikkje tek turen til Kulturhuset denne dagen. Ei av hovudårsakene til dette kan vere at det i Bømlo kommune er store avstandar for dei som ikkje har tilgang til bil og som kvier seg for lengre avstandar. Me ynskte difor i 2012 å utvida arrangementet og Den kulturelle spaserstokken også til andre stader i kommunen.

For 2013 er det planlagt å kople arrangementet opp til feiring av 50-års jubileet i Bømlo kommune. Det er 50 år sidan Bømlo kommune gjekk frå å vere tre ulike kommunar til å verte ein. Det vil difor vere sentralt å få med historiar frå alle dei tre tidligare kommunane. Erfaringar frå tidligare arrangement viser at lokal historie er noko som verkeleg fenger og interesserer.

### Tiltak 2:

Kommunen ynskte for 2012 å utvide tilbodet til å også gjelde institusjonane. Det er i alt fire institusjonar i kommunen: Bømlo sjukeheim, Bømlo bu- og rehabiliteringssenter, Teiglandshagen bufellesskap og Bømlo omsorgstun.

Kommunen kontakta Bømlo Teater som la fram eit tilbod. Tilbodet inneheldt ein god kombinasjon av profesjonelle aktørar og amatørar. Då kommunen har fire institusjonar, fekk ein til framsyningar à 40 min på kvar av desse institusjonane, til saman 8 framsyningar. Bømlo Teater sin oppsetting for våren (april) 2012 var eit bestillingsverk som tok utgangspunkt i Bømlo sin historie; «Såg du ei øy». Det vart lagt vekt på song, musikk og forteljing.

Oppsettinga for hausten 2012 tok utgangspunkt i vår kystkultur. Også her var det hovudvekt på song og musikk kombinert med gode forteljingar.

Begge framsyningane vart svært godt motteke med gode attendemeldingar.

### Tiltak 3:

Bømlo kommune er ei langstrakt øy der det for enkelte eldre kan vere problematisk å kome av garde når det vert store avstandar. Me ynskte difor i 2012 å få til arrangement også andre stader på øya og med det nå ut til fleire. Hausten 2012 vart det difor arrangert «Den gylne spaserstokk» i Moster Amfi. Det vart eit godt arrangement men dessverre med svært liten oppslutnad. Dette ynskjer me difor ikkje å gå vidare med i 2013.

### ***For 2013 vert dette difor bytt ut med nye tiltak:***

**Manuskript:** Allereie i 2012 var det tankar om å få til eit samarbeid med Dynamiske Mosterhamn og manusforfattar Lene Løtvedt for skriving av eit historisk stykke knytt til Bømlo. Dette omhandlar ein skipsforlis (Santiago) i år 1588. Arbeidet vil starte opp våren 2013. Målet er at prosjektet, mellom anna i samarbeid med Bømlo teater, har klar ein eigen produksjon for institusjonane hausten 2013. Dette vil kome under tiltak 2, kulturelle tiltak i institusjonane.

**Filmproduksjon:** Kommunen er i gang med planlegging av eit filmprosjekt der prosjektansvarleg Brynjar Stautland har fått i oppgåve å lage film med opptak av fortellingar innbyggjarar i Bømlo har frå kvardagen i «gamle dagar». Dette skal vere konkrete minne og gje innblikk frå ei svunnen tid. Det er funnen gamle lyd-opptak i kommunen sitt arkiv som tek føre seg kvardagen til kvinnene i Bømlo heilt attende til 1800-talet, som skal nyttast i prosjektet. I tillegg vil ein også ta opp samtale med nolevande personar. Samstundes vil det i filmen verte vist gamle bilete, gjenstandar, stader og liknande som har tilknytning til personen og det som vert fortalt. Det vil bli laga eigen musikk til filmen. Klipp frå produksjonen vil

vere klar til framsyning ved institusjonane allereie hausten 2013, og til «I manns minne» september 2013.

Det er også planlagt ei utviding av dette filmprosjektet til å gjelde på arrangementet «I manns minne». Fleire personar med gode fortellingar vil vere på scenen og samtale om minne som kan koplast 50 år attende i tid. Dette vil mest sannsynleg bli lagt opp som ein raud tråd under heile arrangementet, og vil knytast sterkt opp til 50-års jubileet for Bømlo kommune.

Me ser føre oss at heile filmen er ferdigstilt våren 2014. Det vil då vere stor premiere ved Bømlo kulturhus, med framsyningar også andre stader i Bømlo, på institusjonane, og i andre kommunar i Sunnhordland. For 2013 søker kommunen difor om midlar til å starte dette prosjektet, samstundes som delar av prosjektet også vil verte ferdigstilt i løpet av året. Midlar til ferdigstilling av heile filmprosjektet vil kommunen søkje om i 2014. Dette vil vere eit unikt historisk dokument for Bømlo kommune, og for Sunnhordland som region.

Ta gjerne kontakt for ytterlegare informasjon.

Med helsing  
BØMLO KOMMUNE

Åshild Rygg Tonning  
rådgjevar kultur og idrett